

# **KVITULEN**



**Av Knut Raastad, skrivi i 2004**

*Kvitulen ligg i Nordheradsalmenning ved Vågåvatnet, aust for Trælviken og Storsteinrusten. Knut Storvikseie 1801-1878 vart i 1825 gift med Anne Knutsdotter Valdeie f. ca. 1798 d. 1875. Knut var son til Thore Knutsen i Hestulen. I 1831 og 1834 budde Knut og Anne i Hestulen, men i 1837 og 1844 var dei i Kvitulen. Også foreldra har flytta til Kvitulen, for i 1848 er Thore Knutsen nemnd som Qvitulen medan kjerringa Imbjør døydde i Kvitulen i 1853. Også broren Hans Thoresen f. 1818 er nemnd Qviten i 1848 og har vel flytta med foreldra før han vart gift.*

*I 1865 er Knut nemnd som husfar med litt jordveg. Knut og Anne hadde barna*

*Ingeborg f. 1825, neste brukar*

*Ingeborg f. ca. 1827, ugift i 1865, med John Olsen Storvikseie fekk ho dottera Marit 1850-1915, gift med Ola Kleiven n. f. 1840, i Synnesonstuen*

*Marit 1830-1899, gift 1853 med Ole Olsen Dalen, Marit fekk med Hans Johnsen Blessumeie sonen Thore 1851-1851*

*Knut 1834-1844*

*Knut f. 1837, utflytta til Sunnmøre 1860*

*Kvitulen er ikkje nemnd i folketellinga i 1875, det budde såleis ikkje folk der da. Thore Knutsen var da på sygard Valde og dottera Ingeborg f. 1827 kunne vera i Storviksløkken.*

*I 1878 brukte Ole Sønstelibakken Kvitulen, og plassen vart rekna som hevda eigedom. Ole Engebrigtsen f. 1823 vart i 1848 gift med Imbjør Knutsdotter Hestulen f. 1825, dotter til Knut Thoresen Hestulen, namnet Hestulen viser kanskje at dei var i Hestulen tidlegare. Ole og*

*Imbjør budde i 1875 i nordre Bakken, og må såleis ha flytta til Kvitulen stutt tid etter. Ole og Ymbjør hadde barna*

*Imbjør f. 1847*

*Anne f. 1849*

*Hans f. 1856*

*Gunhild f. 1858*

*I 1900 budde Ole og Ymbjørg framleis i Kvitulen. Dottersonen Hans Jakobsen f. 1881 og den ugifte dottera Anne Olsdotter f. 1849 budde også i Kvitulen det året.*

*Kampe-Per, Per Svendsen Kampen (Ulsanden) frå ogo Ulsand f. 1835 og Åste-Kari, Kari Syversdotter Ulsanden f. 1834 budde i Kvitulen. Dottera Kampe-Mari, Mari Ulsanden 1872-1960 og mannen hennar Iver Heggerusten 1881-1968 (seinare Voldheim) var dei siste i Kvitulen. Dette må ha vore fyrst på 1900-talet.*

*I 1865 var det i Kvitulen 6 sauer og 6 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg og 1 tønne poteter.*

*Kjelder: Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882  
Folketelling 1865, 1900  
Utskrifter kyrkjebøker for Vågå  
Anna Randen: munnleg fortald*